
Fra: Per Arne Aadland <per.arne.aadland@dnt.no>
Sendt: onsdag 29. mai 2019 15:04
Til: Nils Kaalaas
Kopi: Postmottak Lindås
Emne: Løyve til helikoptertransport

Hei,

Bergen og Hordaland Turlag vil med dette søkje om helikoptertransport av proviant, gass, ved og utstyr til Kalvedalen Turisthytte. Dette er den årlege transporten av forsyningar til drift av hytta. I samband med denne transporten flyg me også ut søppel frå hytta, og andre grunneigarar og hyttenaboar i området nyttar høve til å «hengje seg på» med transport. Utflyging vil vere frå Kvingedal.

Det er ingen andre transportmåter enn helikopter som i praksis er mulig sidan hytta ligg langt utanfor veg.

Transport er planlagt til **laurdag 8 juni 2019**, frå ca kl 11:00 og utover.
Gjennomføring av helikoptertransport krev høveleg ver, så me vil be om at løyve også gjeld ei veke etter framover frå planlagt dato.

Me håpar på snarleg tilbakemelding, men ta gjerne kontakt dersom det er spørsmål.

Mvh.

Per Arne Aadland

Hyttedrift og organisasjon

Bergen og Hordaland Turlag
Telefon: 55 33 58 10 (sentralbord)
Mobil: 92 84 88 44

Bergen og Hordaland Turlag

